

STYREMØTE 22./ 8. - 22  
kl. 16 i Framgarden på Linge

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Nelly, Petra, Sunneva.

Sak 47/-22 Referat og meldingar

\* Seterboka

Sunneva får 2 bøker til åresal på Fjordafesten for eldre i oktober.

Fjørå og Valldal pensjonistlag er arrangør i år.

Seterboka kostar kr 300, kr 200 for medlemmer. Laget kan ha spesialtilbod på boka på ulike tilstellingar. Dette bør klarerast med styret på førehand.

\* VBK-boka

Nokre styremedlemer har skrive innlegg om kvifor dei vart medlemmer i VBK.

\* Kongebesøk

Kongeskipet kjem til Valldal tysdag 30. august kl. 10. 30.

Torsdag 1. september ligg skipet på Hareid. Der blir folk frå dei besøkte kommunane inviterte ombord.

Leiar i VBK er invitert som representant for laget vårt som runda 90 i år.

Sak 48/-22 VÅR DAG 16. oktober. Opplegg, søkje om midlar.

Bjørg har vore med på ZOOM-møte og fått nokre innspel:

Saman for berekraftig matkunnskap, inkludering, deltakarane skal vere med i aktivitet,

lokale matvarer, jordeple og søteple.

Kvart lag som sender søknad, kan få 5000kr maks, må sende rapport med bilde etterpå.

Målgruppa vår skal vere ei skuleklasse. 11- 12 år? Informasjon om ulike potetsortar?

Frå jord til bord - aktivitet potetkake, ulike eplerettar.

Inkludere skule, elevar, foreldre. Bjørg og Mette V skriv søknad.

Sak 49/-22 Hausthalvåret. Oppstart, vertinnegrupper

\* Vertinnegrupper - Sunneva reviderer.

\* Arbeidsplan:

September: Blåtur. Medl.møte med besøk på garden til Hegelin?

Oktober: VÅR DAG. Årsmøte

November: Medl.møte: Historia mi, Tuppervare, kan be med seg nokon.

Desember: Førjulshygge. Presentasjon av VBK-bok,.

Solveig skriv eit innlegg til Storfjordnytt om VBK, arbeidsplan og medlemsprisar.

Sak 50/-22 Plan « Leve heile livet» VBK-aktivitet på den planen? Kviss

Kviss startar oppatt siste onsdag i månaden.

Sak 51/-22 Evaluering av olsok

Merknad frå Petra: Sakna ein termos med vatn + ein vaskeklut til å tørke søl av salsbordet.

Dialektbildestanden: Dei firkanta bilda selde best.

Evalueringssmøte/olsok på klubbhuset tysdag 23. august med representantar frå alle lag som deltok.

Sunneva Linge skriver